

## AVTALE

mellom

STIFTELSEN ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

Kyrkjevegen 1, 5911 Alversund

og

LINDÅS KOMMUNE

v/ Eiendomsavdelinga

### 1. BAKGRUNN

Stiftelsen Alversund Kyrkjelydshus (SAK) ynskjer å føre opp ei utebod nær kyrkjelydshuset i Alversund. Uteboden skal nyttast til lagerplass for utstyr mv for aktivitet med base i kyrkjelydshuset. Frå starten gjeld det lagring av utstyr for speidar-gruppa som for tida er på om lag 55 medlemmar. I tillegg blir det sett av plass for lagring av bårevogn til kyrkjegarden.

### 2. AVTALEN OMFATTAR

Då SAK ikkje har høveleg plass på sin tomt- gnr 137, bnr 541- for ei utebod, så gjev kommunen løyve til at uteboden blir sett opp på nabotomta, som er kommunen sin eigedom – gnr 137, bnr 13

Kommunen anviser plassering av boden og gjev SAK rett til å planere høveleg grunn og til å føre opp ei frittstående bod på ca 25 kvm.

Teikning av boden fylgjer som vedlegg til denne avtalen.

### 3. ØKONOMI OG VARIGHEIT

SAK betalar grunnarbeid og oppføring av uteboden. Det blir ikkje krevd leige for bruk av kommunen sin grunn.

Avtalen har ein varigheit på 10 år frå signering av avtalen. Deretter kan den seiast opp av kommunen med skriftlig varsel på 1 år. Ved oppseiing kan SAK velje å flytte uteboden til ei anna tomt.

### 4. ANDRE FORHOLD

Dersom SAK på eit eller anna tidspunkt ikkje har planar for bruk av uteboden, vil den tilfalle kommunen utan vederlag.

Alversund, 9. september 2016

*Einar Amund Kartveit*

Stiftelsen Alversund Kyrkjelydshus  
Einar Amund Kartveit - styreleiar

.....  
Lindås kommune v/eiendomsavd